



Langenes Bygg AS
Kvassnesvegen 19
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3239 - 14/13411

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
05.06.2014

Løyve til tiltak - oppføring av tilbygg og mur - gbnr 137/408 Alver.

Administrativt vedtak. Saknr: 097/14

Tiltakshavar: Sissel og Finn Christian Lundbo
Ansvarleg søkjar: Langenes Bygg AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av bod, vinterhage, terrasse og legalisering av støttemur på gbnr 137/408 i samsvar med søknad motteke 01.04.2014 med supplerande dokumentasjon motteke 22.05.2014.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett når den var mottatt. Trong for tilleggskdokumentasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved brev av 14.04.2014. Dokumentasjon vart motteke ved brev frå ansvarleg søkjar 22.05.2014.

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 22.05.2014 og frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innafor det som i reguleringsplanen for Alver utmark gnr 137 bnr. 13 m. fl. er definert som byggjeområde for bustadar.

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Plassering

Plassering av tiltaket er vist på situasjonsplan datert 04.05.2014.

På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 3,7 meter. Eigar av gbnr 137/har i dokument datert 26.03.2014 samtykka til at tiltaket kan plasserast inntil 3 meter frå nabogrensa.

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Omsøkte tiltak medfører inga endring i høve til tilkomst, avkjørsle eller parkering.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønns har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

VURDERING

Plassering


Det ligg føre nabosamtykke til plassering av tilbygg til bustad inntil 3 m frå nabogrensa. Tiltaket vert godkjend som omsøkt, jf pbl § 29-4 tredje ledd.

Av revidert situasjonsplan går det fram at søknaden også omhandlar trapp frå planert uteareal på sørvestsida av bustaden og ned på lågare terrengnivå. Ut frå kartet ser det ut som delar av trappa ligg innanfor byggjegrensa for funksjonell strandsone. Det er ikkje søkt om dispensasjon for omsøkt plassering.

Det er ein føresetnad for godkjenninga at tiltaka i sin heilskap ligg utanfor funksjonell strandsone. Tiltaka vert godkjent plassert slik det går fram av revidert situasjonsplan datert 04.05.2014 på vilkår av at den delen av trappa som ligg innanfor funksjonell strandsone vert fjerna. Alternativt kan det fremjast eigen søknad om dispensasjon frå byggjegrensa for funksjonell strandsone og søknad om løyve til tiltak for dette tiltaket.



Revidert situasjonsplan mottatt 22.05.2014



Kartutsnitt som viser byggjegrensa for funksjonell strandsone

Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønns gode visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til si funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

Ansvarsrettar og tiltaksklasse

Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn og godkjenner tiltaket i tiltaksklasse 1. Føretaket Langenes Bygg AS, org.nr. 979 523 947, har søkt ansvarsrett som ansvarleg søkjar (SØK), prosjekterande (PRO) og utførande (UTF) for heile tiltaket. Føretaket har sentral godkjenning som dekker ansvarsområdet.

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for oppføring bod, vinterhage, terrasse og legalisering av støttemur i samsvar med søknad mottatt 01.04.2014 og supplerande dokumentasjon mottatt 22.05.2014, på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 04.05.2014, jf pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Den delen av omsøkt trapp som ligg innafor funksjonell strandsone vert fjerna eller det vert søkt om dispensasjon og løyve til tiltak/legalisering av trappa.
3. Heile tiltaket vert godkjent i tiltaksklasse 1 med, jf SAK § 9-3.

Med heimel i plan- og bygningslova § 23-3 jf. § 23-4 (SØK) / 23-5 (PRO) / 23-6 (UTF) /23-7 (KTR) gjev kommunen godkjenning for følgjande ansvarsrettar:

FUNKSJON	FØRETAK	ORG.NR.	L/S *	TILT.KL	ANSVAR SOMRÅDE
SØK	Langenes Bygg AS	979 523 947	S	1	
PRO					Bygningar og installasjonar
UTF					Bygningar og installasjonar

*S = Sentral godkjenning, L = Lokal godkjenning

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/3239.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om bygggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Sluttdokumentasjonen skal vise at tiltaket er utført i samsvar med løyve og føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova. Om det er justeringar i tiltaket i høve til løyvet som ikkje krev søknad om endring, skal ansvarleg søkjar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Ved søknad om ferdigattest skal søkjar stadfeste at høveleg dokumentasjon for forvaltning, drift og vedlikehald er overlevert byggverket sin eigar. I tiltak der det er krav om avfallsplan eller miljøsaneringsutgreiing skal sluttrapport som dokumenterer faktisk disponering av avfall leggjast ved søknad om ferdigattest.

Når det står att mindre vesentlege arbeid kan kommunen gje mellombels bruksløyve for heile eller deler av tiltaket. I søknad om mellombels bruksløyve skal søkjar identifisere attståande arbeid, stadfeste at byggverket har tilfredsstillande tryggleik, og sette tidspunkt for ferdigstilling.

Oppdatert gjennomføringsplan skal alltid leggjast ved søknad om ferdigattest/mellombels bruksløyve.

Før det vert gjeve ferdigattest/mellombels bruksløyve for tiltaket må følgjande ligge føre:

1. Ferdigattest/mellombels bruksløyve for VA-anlegget.
2. Ferdigattest/mellombels bruksløyve for veg og avkjørsle.
3. Avkjørsle til offentlig veg skal vere godkjent av vegstyresmakta.
4. Rekkefølgjekrav i reguleringsplan skal være oppfylt.
5. Faktisk plassering av tiltaket må vere målt inn, og koordinatar sendt kommunen.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.2.5	Støttemur	1	Kr 10 000,-
10.2.6	Terrasse	1	Kr 3 700,-
10.3.1	Tilbygg < 50 m2	1	Kr 6 200,-
10.2.9	Godkjenning av ansvarsrett pr føretak med sentral godkjenning	1	Kr 1 000,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 20 900,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunnigjeven.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Sissel og Finn Christian Lundbo Tømmervika 14 5911 ALVERSUND

Mottakarar:

Langenes Bygg AS Kvassnesvegen 19 5914 ISDALSTØ